

4 uskedelingar fekk minnemedaljar

23.06.2015



Dei som fekk minnemedaljar på Rosendalstunet i dag var Ragna Hjelmeland, Johannes Mehl, Ivar Mork, Harald Myklebust Gunvor Næs og Borghild Gjertsen

4 uskedelingar fekk i dag på Rosendalstunet utdelt Regjeringa sin minnemedalje med takk for innsatsen under andre verdskrig. I alt får 16 kvinnheringar slike medaljar som har teksten NORGE TAKKER DEG FOR INNSATSEN 1939-45. Dei vert tildelt norske og utanlandske militære og sivile personar som på ulike måtar gjorde ein innsats i aprildagane i 1940 og i krigsåra. Ei lokal gruppe leia av kultursjef Kristian Bringedal har funne fram til verdige personar for uttaket og Fylkesmannen og Forsvarsdepartementet har godkjent lista. Ordførar Synnøve Solbakken leia utdelinga saman med kultursjefen og gitarist Gjermund Fredheim ramma inn markeringa. Fleire av dei som fekk medaljar hadde dramatiske augenvitneskildringar frå det som skjedde her under krigshandlingane.

Dette er dei 4 som fekk medalje i dag:

* Den yngste uskedelingen, Harald Myklebust frå Uskedalen, var berre 12 år i 1940 men gjorde teneste som sykkelordonans i bygda for Hardanger Sjøforsvarsavsnitt i aprildagane. Han fortel uskedalen.no at han sykla mest mellom sentrum og Eik og at han ikkje opplevde nokon form for dramatikk. - Men eg fekk jo fri frå skulen, seier han.

* Borghild Gjertsen (født 1923) født Torkelsen jobba på Telegrafstasjonen i Herøyfjord under kampane frå 18. til 20. april. Stasjonen var sambandssentral for Hardangerfjord Sjøforsvarsavsnitt. Telefondamene fekk skryt i rapporten frå avsnittsjefen, kaptein Ulstrup, for eit framifrå utført arbeid.

* Systrene Langballe - Gunvor Næs (født 1927) og Ragna Hjelmeland (født 1924) - som budde på Skorpo. Familien tok ansvar for soldatar etter kampane i Uskedalen og kaptein Ulstrup buddde på øya til 1. mai. Tyske soldatar kom dit for å spora opp soldatane og det vart herja i huset. Både vaksne og born vart avhøyrde.

Tekst, foto oig nett: Ola Matti Mathisen

*

